

# Årsrapport Ålfotbreen landskapsvernområde 2025



Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## 1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernområde vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km<sup>2</sup> og ligg i kommunane Kinn, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernområde er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengda og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområde. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

Etter kommune- og fylkestingvalet hausten 2023 vart det oppnemnt nytt verneområdestyre for Ålfotbreen. Det sitjande styret som vart oppnemnd av Miljødirektoratet ser slik ut:

Namn	Funksjon	Reprenterter	Vararepresentant
Jacob Andre Telvik Nødseth	Styreleiar	Kinn	Anne Marit Seljeseth
Katrine Anita H. Heggelund	Nestleiar	Gloppen	Bernt Reed
Henny M. Hansen	Styremedlem	Bremanger	Norvall Klungresæter
Åsmund Berthelsen	Styremedlem	Vestland	Kaya Stæger-Breisnes

Styret har hatt fem styremøte i 2025:

1. 13.januar på teams
2. 3. mars på teams
3. 6. mai på Bremuseet i Fjærland
4. 29.september på teams
5. 28.november på Sandane

Totalt er det handsama 30 styresaker og fem referatsaker på desse møta. Styret har ikkje delteke på studieturar, konferansar eller liknande i 2025.

## 2. Saker

Saksmengda i Ålfotbreen er som vanleg låg, samanlikna med dei fleste andre nasjonalparkar og store landskapsvernområde. Det er eit område som ligg utilgjengeleg til, har særst få bygningar og lite aktivitet av typen som treng løyve.

Det var ingen bygge- eller inngrepssaker i Ålfotbreen i 2025. Men det har vore byggeaktivitet i år, etter at det har vore gjeve løyve tidlegare. Bremålingshytta til SFE vart gjort ferdig i 2025, og sikringshytta ved Gjejnabu som Flora turlag er i ferd med å bygge vart jobba med i 2025. Den er ikkje heilt ferdig enno, men vil verte gjort ferdig og opna i 2026.

Motorferdsel:

- Mastiff (produksjonsselskap) søkte om løyve til helikopterlandingar i samband med tv-produksjon. Styret utsette saka og bad selskapet kome tilbake med ein ny søknad der omfanget av motorferdsel var vesentleg redusert. Selskapet kom ikkje tilbake med ny søknad, men gjennomførte produksjonen utanfor verna område.
- SFE Produksjon fekk løyve til helikopterlandingar i samband med ferdiggjering av den nye bremålingshytta nord for Ålfotbreen. Landingane var fordelt på to løyve.
- Flora turlag fekk løyve til helikopterlandingar i samband med bygging av sikringshytte ved Gjejnabu.

Administrative saker:

- Søknad om tiltaksmidlar, fordeling og oppfølging av bruken av desse.
- Oppfølging av prosessen med supplerande vern, og muleg endring av verneform til nasjonalpark.
- Revidering av tiltaksplan
- Økonomistyring
- Vedtatt oppstart av revidering av besøksstrategi for Ålfotbreen LVO.

Ålfotbreen verneområdestyre engasjerte seg i høyringssak om mogeleg bygging av vindkraftverk i Bremanger. Anlegget ligg utanfor verneområdet, men vi vere godt synleg frå ein stor del av verneområdet.

Verneområdeforvaltar har fått delegert mynde til å fatte vedtak i saker av kurant karakter. Det vil seie saker kor man har forvaltningspraksis eller retningslinjer og støtte seg på, og som ikkje er kontroversielle, prinsipielle eller kompliserte. Delegert mynde sørger for ei effektiv sakshandsaming og mindre byråkrati i dei kurante sakene og dei sakene som hastar. Tr av sakene i 2025 vart handsama med delegert mynde.

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2025	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Drift styre + grunnstøtte	325 000	244 621	145 000	142 906	180 000	101 715
Planmidlar	0	162 200	0	162 200	0	0
Tiltaksmidlar	1 050 000	926 650	800 000	766 270	250 000	160 380
<b>Tot</b>	<b>1 375 000</b>	<b>1 333 471</b>	<b>945 000</b>	<b>1 071 376</b>	<b>430 000</b>	<b>262 095</b>

Bruken av tildelte midlar i 2025 har vore kontrollert og nøktern. I Ålfotbreen har vi hatt forbruk godt under tildelt budsjett både på drift, driftsstøtte og tiltaksmidlar. Til drift av styret er det brukt om lag 88.000 av ei tildeling/budsjett på 130.000. Noko av årsaka til underforbruk er at det ikkje vart gjennomført studietur i 2025.

Inkludert i driftsbudsjettet er og grunnstøtte til drift og vedlikehald av infrastruktur. Dette er ei ny tildeling som nasjonalpark- og verneområdestyra fekk første gong i 2024. Det er ganske frie midlar som styra kan bruke til både planlagde og oppdukkande behov innan drift og vedlikehald av infrastruktur og ulike anlegg. I 2025 fekk vi 50.000 til dette føremålet, og brukte om lag 13.000 av dei.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

Ålfotbreen verneområdestyre søkte om kr 415.000 i tiltaksmidlar for 2025, fordelt på fem ulike tiltak. Styret fekk tildelt kr 250.000. Tre av tiltaka vart godkjente for bruk av tiltaksmidlar, medan for dei to siste var det krav om meir informasjon og planlegging.

Det vart rydda skog i og langs skogsvegen i Hope. Den er ein del av ruta som går til Lavesteinen og vidare til Gjegnabu. Dette er eit tiltak vi gjer annankvart år.

Styret har lenge hatt ønske om å utvikle Førdedalen som innfallsport. Vi har gjort ein del tiltak der, men der kan gjerast meir for å legge til rette for bruk og besøk. Styret har ein dialog med grunneigarlaget i Førdedalen, men vi har hatt litt utfordringar med gjennomføring av tiltak av ulike årsaker. I 2025 har verneområdestyret bidrege finansielt til grusing av skogsbilvegen som går innover til parkeringsplassen i Førdedalen.

Det blir montert infoskilt ved parkeringsplass i Brandsøy der ein av turvegane til Brandsøyåsen startar. Dette er langt vekke frå landskapsvernområdet, men tanken er å spreie informasjon om verneområdet til andre friluftsbukarar enn dei som allereie er der.

Tiltaksmidlane i 2025 vart brukt slik:

Tiltak/prosjekt	Forbruk
Rydde skog i og langs skogsveg i Hope	12.300
Grusing av veg i Førdedalen - delfinansiering	80.000
Informasjonsskilt i Brandsøy	68.080
<b>Totalt</b>	<b>160.380</b>

Som nemnd tidlegare fekk styret tildelt 50.000 i grunnstøtte drift. Det er ganske frie midlar som kan nyttast til oppdukkande tiltak og til drift av infrastruktur. Berre om lag 13.000 av desse vart brukt, fordelt på 6.000 til tilsyn med brua ved Skarvevatnet, 5.000 til drift av toalett for ålmenta i Hope og 2.316 til beising av gapahuken i Førdedalen.

## 5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde vart oppretta i 2014. Utvalet har bestått av representantar frå ulike verksemdar og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune.

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde for perioden 2023 - 2026 er samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
- Ole Daniel Solvang, grunneigarrepresentant Kinn
- Grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Vi har ikkje grunneigarrepresentant frå Bremanger kommune, men har der ein del direkte kontakt med grunneigarlag i Førde i Ålfoten.

Rådgjevande utval hadde møte i Florø 7.oktober. Der møtte seks av representantane frå utvalet, pluss styreleiar og verneområdeforvaltar. Det var eit godt og konstruktivt møte med engasjerte representantar og gode innspel.

## 6. Administrativt kontaktutval

I 2021 vart det oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Ålfotbreen LVO og Naustdal-Gjengedal LVO. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. I utvalet diskuterer vi saker og tema som går på tvers av kommunegrensene og har felles interesse. I tillegg jobbar vi for å få til ei mest mogeleg lik og føreseieleg forvaltning i og rundt landskapsvernområdet, uavhengig av kva kommune det er snakk om.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Anders Espeset – Kinn kommune
- Bjørn Henry Marthinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

Administrativt kontaktutval hadde kombinert møte og synfaring 26.august. Turen gjekk til Hyen og Gjengedalen.

## 7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Røyrvik. Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i Kraftbygget i Sandane sentrum (Sørstrandsvegen 9, andre etasje).

Naturoppsyn for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen er Rune Holen. Naturoppsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltninga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak. Samarbeidet med SNO er særst godt! I tillegg til Rune vert det leigd inn andre ressursar ved behov.

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2025 vore kontorplass for verneområdeforvaltaren og nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særst godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt. Statens naturoppsyn har ikkje lenger kontorplass på Sandane, men kjem likevel til knutepunktet ved behov.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ikkje fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særst godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren, saman med dei andre forvaltarane som er tilknytt Statsforvaltaren i Vestland og dei andre fagpersonane.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på:

- Samling for nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar i Trondheim 8.-10.april
- Stiskulen – kurs i bygging og vedlikehald av turstiar på Sandane 10.-13.juni

Føredrag

- Føredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 13.februar

Møteverksemd

- Avdelings- og seksjonsmøte, samlingar og andre interne møter hjå Statsforvaltaren.
- Samlingar med nasjonalparklaget (forvaltarane tilknytt Statsforvaltaren i Vestland)
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møte med grunneigarar, næringsliv og andre aktørar.

I tillegg til arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga som verneområdeforvaltar, utfører forvaltaren ein del oppgåver for Statsforvaltaren, særleg innan forvaltninga av villrein. Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på nokre synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

I 2025 har dessutan forvaltar vikariert ein del i Nærøyfjorden landskapsvernområde grunna sjukmelding og permisjon hjå andre forvaltarar.

## 8. Bilete frå 2025



**Bilete 1.** Jacob Nødseth og Åsmund Berthelsen på besøk i Bremuseet i Fjærland 6.mai. Foto: Alf Erik Røyrvik



**Bilete 2.** Hamna på Mettenes. Foto: Martin Mettenes





**Bilete 3 og 4.** Den nye sikringshytta ved Gjegnabu under oppføring. På bilete 4 kan du sjå Gjegnabu i bakgrunnen til høgre, og Gjegnen i bakgrunnen til venstre.  
Foto: Dag Eliassen



**Bilete 5 og 6.** Den nye bremålingshytta til SFE og NVE nord for Ålfotbreen. På nedste biletet ser du og den gamle brakkehytta som hytta skal erstatte. I tillegg erstattar den ein stålkontainar som allereie er fjerna. Foto: SFE